

Årsrapport 2008

Styret

Styret har i 2008 hatt 6 medlemmer:

- Arve Due Lund, *Styrelleiar*
- Børre Jacobsen, *Nestleiar*
- Else Kristine Husabø, *Styremedlem*
- Rolf Øygard, *Styremedlem*
- Aud Viken, *Styremedlem*
- Linda Merete Viken, *Styremedlem*
(tilsettes representant)

Varamedlemmer:

- Jofred Åsnes
- Olav Reidar Furnes

Eit år med stor aktivitet

2008 står på mange måtar fram som året med særskilt stor aktivitet på senteret. Tempoet har vore høgt på heile huset og fleire enn nokon gong tidlegare har fått eit rehabiliteringstilbod ved institusjonen. Gode tilbakemeldingar frå pasientane ser vi som eit teikn på at dei og får eit fagleg godt og tilrettelagt tilbod.

Også på andre områder har det i 2008 vore stor aktivitet. Dei økonomiske tilhøva har vore slik at institusjonen kunne få gjere mykje nødvendig vedlikehald gjennom året. Det er for oss viktig at og bygg og anlegg held ein god standard, slik at både dei tilsette og pasientane har trivelege omgjevnader.

Det må vere gløden for rehabiliteringsfaget som gjer at dei tilsette i sin travle kvardag vel å vidareutdanne seg. Også i år har fleire gjennomført vidareutdanning og spesialisert seg innan sine fagområder. Dette er viktig for at institusjonen skal få til den utviklinga ein ynskjer også i framtida kan levere rehabiliteringstenester på eit høgt nivå. Det er difor eit prioritert område frå institusjonen si side, å leggje til rette for at dei tilsette kan få høve til å auke sin formelle kompetanse.

I Nasjonal strategi for habilitering og rehabilitering 2008 – 2011, er forskning og utvikling trekt fram som eit område ein bør satse meir på. Også for rehabiliteringssenteret har dette vore ei viktig prioritering. Vi er glade og takknemlege for å ha mottatt støtte til både "Samhandlingsprosjektet" og prosjektet «Rehabilitering av unge kreftpasientar» frå hhv. Sosial- og helsedirektoratet og Kreftforeningen. Å få ekstern finansiering til forskingsprosjekt er avgjerande for at små institusjonar som Hauglandsenteret kan få til forskning og dokumentasjon på behandlingstilboda.

Arve Due-Lund
styrelleiar

Tilbodet ved senteret

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter gjev tilbod om rehabilitering av pasientar med behov for ei tverrfagleg tilnærming i spesialisthelsetenesta. Hovudtiltaka er tilpassa fysisk aktivitet, undervisning og samtalegrupper. Fleire tilsette ved institusjonen har kompetanse innan kognitiv terapi og denne kompetansen vert aktiv nytta i tilnærminga til pasienten.

Senteret har avtale med Helse Vest Regionale helseføretak om levering av rehabiliteringstenester. Avtalen har ei ramme på totalt 20 075 kurdøgn, tilsvarande eit gjennomsnitt på 55 pasientar.

Diagnosegrupper:

Pasientar med følgjetilstander etter kreftsjukdom
 Pasientar med lidingar i nakke, rygg, bekken
 Pasientar med kronisk smerte og lettare psykiske lidingar
 Pasientar med nevrologisk sjukdom
 Pasientar med revmatiske lidingar
 Pasientar med sjukleg overvekt

Senteret har og avtale om arbeidsretta rehabilitering innanfor ordninga "Raskare tilbake". Totalt 237 personar fekk eit tilbod innanfor denne ordninga i 2008.

Kompetanse


Fagteamet ved institusjonen er leia av overlege, Spesialist i Fysikalsk medisin og Rehabilitering. Faggrupper ved institusjonen er:

Lege	200 %
Sjukepleie	570 %
Fysioterapi, inkl turnus	720 %
Ergoterapi/attføring	100 %
Ernæring	100 %
Idrett	200 %
Riding	150 %
Kultur /fritid	75 %

Det har vore ei auke i tal tilsette frå totalt 42 årsverk i 2007 til 44 årsverk i 2008. Auka har i hovudsak vore knytt til helsefagavdelinga med ei auke i fagstab på både fysioterapi og sjukepleieavdelinga.

Også i 2008 fekk fleire av våre tilsette formell kompetanse i kognitiv terapi. Fysioterapeut Kari Fismen fekk sommaren 2008 godkjent spesialistutdanning i onkologisk fysioterapi.

Sjukepleiarane har i 2008 arbeid med å auke kompetanse innan kreftrehabilitering. Ein av våre sjukepleiarar er ressurssjukepleiar i kreftomsorga og er aktiv med i ressursgruppa for kreftomsorg i Sogn og Fjordane.




Geografisk fordeling siste tre år

(99,5 %) av desse var 64 % frå Hordaland, 25,5 % frå Sogn og Fjordane og 10 % frå Rogaland. Totalt 8 pasientar (0,5 %) var frå andre helseregionar (Helse Nord 1, Helse Midt 3 og Helse SørØst 3).

Diagnosefordeling


	2007	2008
Kreft	15%	6%
Metabolsk sjukdom, inkl. fedme	25%	21%
Nevrologisk sjukdom, inkl. hjerneinfarkt, hjerneblødning	5%	6%
Revmatisme	5%	3%
Muskel- skjelett og lettare psykiske lidingar	45%	63%
Anna	5%	1%



Grafisk formgjeving: Inform Media, Førde
 Foto framside: David Zadig © 2006
 Foto side 6: Erik Fismen

Alders- og kjønnsfordeling

Av dei 1065 personane som fekk rehabilitering i 2008, var 651 kvinner og 414 menn. Kjønnsfordelinga i 2008 var tilnærma lik kjønnsfordelinga på pasientane i 2007. Gjennomsnittalder på pasientane i 2008 var 49 år. Det var noko fleire pasientar i aldersgruppa over 60 år, enn det vi hadde i 2007. (30 % mot 18 % i 2007).



Vidareutdanning i kognitiv terapi

Tilsette ved senteret har i mange år hatt interesse for pedagogiske tilnæringsformer mot pasientar. Kognitiv terapi har utvikla seg til å bli ein god metode for å lære pasientane hensiktsmessighet på ulike felt i livet. Via psykiatrisk avdeling i Førde og professor Egil Martinsen blei det hausten 2005 starta ei desentralisert vidareutdanning i kognitiv terapi ved Hauglandsenteret. 25 deltakarar frå Sogn og Fjordane og Hordaland deltok i vidareutdanninga over to semester.

Ytterlegare eit vidareutdanningskurs blei arrangert 2007/2008, kor 21 personar deltok. Totalt 16 av senteret sine tilsette har slik fått god grunnbasis i kognitiv terapi. To fysioterapeutar har tatt eksamen på høgskulenivå som tilsvarer 30 studiepoeng.

Overlegen ved senteret tok vidareutdanninga si innan spesialistforeininga i fysikalsk medisin og rehabilitering i 2005 – 2006. Våren 2009 starta han på rettleiarutdanning som strekkjer seg over to år. Dette for å auke kompetanse og ha moglegheit til å kunne rettleie tilsette og andre kognitive terapeutar. Han vil saman med kollega stå ansvarleg for at det vert bygd opp god kompetanse på kognitiv rettleiing ved institusjonen.

Da kognitiv terapi kan være ein føremålstenleg måte å handtere daglegdagse problemstillingar, er det samstundes eit viktig element i kommunikasjon og samhandling. Senteret har difor lagt opp til at det våren 2009 blir arrangert undervisning i kognitiv terapi også for støttepersonell som kjøkken, reinhald, vaktmeister og administrasjon. Overlege og klinisk ernæringsfysiolog vil stå for undervisninga.

Det er planlagt ny vidareutdanning i 2010. I alt 25 personar vil da ha moglegheit til å ta vidareutdanning i kognitiv terapi og kurset vil da bli spesielt retta mot kommunelegar i regionen.

Utdanningsstilling for lege i spesialisering

For institusjonen har det i alle år vore fokus på å bygge opp ein tverrfagleg stab med høg fagkompetanse. Det var difor viktig for oss å få reaktivert og godkjent utdanningsstillinga for lege i spesialisering. Godkjenninga institusjonen hadde frå før var gått ut i mangel på økonomi til å tilsette i stillinga. Gleda var difor stor når ein fekk godkjenninga reaktivert og den første legen i spesialisering blei tilsett.

Senteret er godkjent som utdanningsinstitusjon gruppe 2 for to år av spesialistutdanninga. Den første kandidaten var kommunelege i frå Hyllestad kommune, som gjennomførte eitt år av si spesialistutdanning innan allmenntilleggsmedisin. Legen i spesialisering var under rettleiing frå senterets overlege og deltok på internundervisning, studiegrupper og andre eksterne kurs og samlingar. Legen fekk òg tatt vidareutdanning i kognitiv terapi den perioden han var på senteret. "Dette har vore eit svært nyttig og lærerikt år", seier Henrik Høberg som var den første til å gjennomføre eitt år av spesialiseringa si ved senteret. Han meiner at ei slik erfaring er god å ha for ein kommunelege som møter mange pasientar med uspesifikke muskel-skjelettlidingar. «Tilnærminga dei brukar på Hauglandsenteret er spanande og ser ut til å vere ei tilnærming som har god effekt», meiner Høberg. For Hauglandsenteret er det av avgjerande betydning å få bygd opp eit fysikalsk medisinsk miljø for å sikre eit tilbod på spesialisthelsetenenestnivå. I dag er det tilsett ny lege i utdanningsstillinga. Også dette er ein lege som er under spesialisering innan allmenntilleggsmedisin. «På sikt ønskjer vi òg å kunne rekruttere legar som er under spesialisering til fysikalsk medisin og rehabilitering. Dette er ein spesialitet det er få av her på vestlandet og som vi ønskjer å skape eit miljø for her på Hauglandsenteret», seier overlege Fismen. Men sjølv sagt er det og viktig å kunne ha leger frå kommunane her, slik at dei blir betre kjent med oss og den tilnærminga vi har til rehabilitering.

Kognitiv terapi, eit nyttig verktøy i behandlinga av pasientar med sjukleg overvekt.

Det har gått fire år sidan senteret starta opp livsstilsendringsbehandling for pasientar med sjukleg overvekt. Etter avslutta samarbeidsprosjekt med Ebeltoft kurcenter i Danmark i 2006, vart vår eigen modell utvikla. Den nye modellen inneber 16 veker opplæring og oppfølging fordelt over 2 år. Målet med behandlinga er å auke den enkelte pasient sin livskvalitet. Etablering av faste rutinar både med omsyn til kosthald og aktivitet vert vektlagt. Kognitiv terapi blir brukt aktivt slik at pasienten kan få eit verktøy til bruk i sin eigen endringsprosess.

I 2008 var 4 grupper ferdig med sitt toårige program. Dei pasientane som hadde gjennomført heile programmet, hadde god framgang både med omsyn til betring av kondisjon, reduksjon av tilleggsjukdomar som diabetes og hypertensjon og vektreduksjon. Etter avslutta behandling var sjølvbiletet til deltakarane betra, noko som indikerer betring av livskvalitet.

Evaluering av programmet har vist at pasientane er svært nøgd med utbytte av trening og av undervisning om ernæring. Mange gjer tilbakemelding om at kognitiv terapi er nyttig og at dei gjerne kunne ynskje seg å lære meir om dette. Kognitiv terapi er eit av dei områda som har blitt tillagt størst vekt ved justering av programmet. Livstilsendringsprogrammet har synt seg å vere krevjande og mange fell frå undervegs. Institusjonen er difor i gang med å vurdere tiltak som kan bidra til at pasientane klarer å gjennomføre opplegget.

Gruppetilbod til pasientar som har fått behandling for kreft

Kreftrehabilitering har vore eit av institusjonen sine satsingsområdar dei siste 13 åra. Tilbodet blir gitt både som individuelle opphald og som gruppeopphald. Gruppetilboda er basert på dei erfaringane ein hadde frå forskingsprosjektet «Rehabilitering av kvinner med brystkreft», som var gjennomført ved institusjonen i 1998 – 2000.

I 2008 har vi hatt totalt fem kreftgrupper inne til rehabilitering. Fire av gruppene var tilbod til kvinner som var behandla for brystkreft og ei gruppe var for kvinner som har vore behandla for underlivskreft. Rehabilitering av kvinner som har vore behandla for underlivskreft er eit relativt nytt tilbod som det er lite kunnskap på. Senteret har opparbeidd seg noko erfaring gjennom dei to åra ein

har hatt tilbodet, men ser at tilbodet er lite kjent og at det er begrensa tal søknader på denne pasientgruppa.

Gruppetilbodet til kreftpasientar er eit rehabiliteringsopphald på 3 veker med tilbod om reopphald 4 - 5 månadar etterpå. Gruppa vert følgt av det tverrfaglege teamet, der fysioterapeut med spesialitet i onkologisk fysioterapi i samarbeid med sjukepleiar, leiar gruppa. Ergoterapeuten er spesielt inne der det er behov for tilretteleggjing i samband med arbeid. Innhaldet i opphaldet er tilpassa fysisk aktivitet, samtalegrupper og undervisning. Ein del av undervisninga er lagt opp spesielt med tanke på aktuelle problemstillingar etter kreftbehandling, og kan vere tema som lymfødeme, seksualitet, kroppsendring og sjølvoppfatning m.m.

Evalueringa av opphaldet viser at pasientane opplever godt utbytte av rehabiliteringstilbodet. Mange trekk fram verdien i det å vere saman med andre i same situasjon, samtidig som dei kan få tilrettelagt eit individuelt behandlingsopplegg. For dei tilsette ved institusjonen er nettopp dette ei viktig utfordring. Å gjennomføre gruppeaktivitetar samstundes som ein klarar å leggje til rette for eit optimalt behandlingstilbod for den enkelte. For kreftgruppene trur vi dei har lukkast godt med dette.

Søknad og ventetider

Vi mottok i 2008 totalt 1500 skriftlege søknadar. Av desse var det 1065 personar som fekk opphald. Kring 10 % av søknadane vart avslått. Ventetida er noko varierende avhengig av diagnosegruppe, der pasientar innan gruppa sjukeleg overvekt har den lengste ventetida. Gjennomsnittleg ventetid var i 2008 140 dagar (4,5 månadar).

Pasientevaluering

Pasienttilfredsheit blir målt ved bruk av skjema som pasienten sjølv fyller ut. Evalueringsskjemaet er delt inn i ti spørsmål som går på dei ulike deler av opphaldet. Det er lagt spesielt vekt på kva nytte pasienten har hatt av tilbodet. Skalaen går frå 1 - ingen nytte, til 7 som er svært mykje nytte. Gjennomsnittskår er 5,4.

Snittverdi

1. Kva nytte hadde du av informasjon du fekk før opphaldet på senteret	5
2. Kva nytte hadde du av kontakt og oppfølging frå medisinsk fagpersonale	5
3. Kva nytte hadde du av timeplan/vekeplan	6
4. Kva nytte hadde du av kosthaldsfokus og mat	5
5. Kva nytte hadde du av den fysiske treninga	6
6. Kva nytte hadde du av undervisning og eventuelt gruppesamtale	5
7. Kva nytte hadde du av det generelle servicetilbodet ved senteret	5
8. Kva nytte hadde du av kontakt med medpasientar	6
9. Kva nytte hadde du av personalet si handtering av evt. problem der du hadde behov for hjelp	5
10. Kor fornøgd er du med eigen innsats i forhold til å nå måla du har sett deg for rehabiliteringsopphaldet	6

Prosjekt

Tilsette ved institusjonen har også i 2008 vore involvert i fleire prosjekt. Nye prosjekt som vart starta opp i 2008 var "Samhandlingsprosjektet". I prosjektet tek ein sikte på å utvikle ein modell for samhandling mellom lokale NAV kontor, kommunehelsetenesta og rehabiliteringsinstitusjon. Prosjektet starta hausten 2008 og del I er forventa avslutta hausten 2009.

Prosjektet «Uprøving av ICF-kjernesett for korsryggsmerter» der fysioterapeut ved senteret, Bjarte Fossen, deltok, vart avslutta i 2008 og publisert i Tidsskrift Norsk Lægeförening *

* Uprøving av ICF-kjernesett for korsryggsmerter
C. Røe, U. Sveen, O. J. Kristoffersen, B. Fossen, N. Hammergren
V. T. Iversen, K. Hannestad, E. Bautz-Holter.
Tidsskr Nor Legefören 2008; 128:2706-8)

Arbeidsretta rehabilitering - for raskare tilbakekomst til arbeid

Gjennom fleire år har institusjonen hatt fokus på arbeidslivdimensjonen i rehabiliteringa. Dei seinare åra har òg eit formalisert samarbeid med Rauland attføringssenter bidrege til auka fokus på og kompetanseutvikling innan feltet. Arbeidsretta rehabilitering inneber parallelle og tverrfaglege intervensjonar mot helse og arbeid. Kombinasjonen av spesialisert medisinsk kompetanse og arbeidslivskompetanse gjev eit godt utgangspunkt for ein rehabiliteringsprosess der deltaking i arbeidslivet er ei hovudmålsetting. Senteret har avtale med det regionale helseføretaket om å gje tilbod til pasientar som fell inn under «Raskare tilbake» - ordninga. Med vår tidlegare erfaring frå arbeidet med arbeidsretta rehabilitering, var det naturleg å bygge vidare på dette tilbodet når ein skulle utarbeide eit tilbod til dei pasientane som kvalifiserar til ordninga. Rehabiliteringstilbodet inneheld kartlegging av funksjon/arbeidsevne, tilpassa fysisk aktivitet, undervisning, individuelle og gruppesamtalar. Kognitiv terapi blir nytta som eit verktøy i den enkelte pasient sin endringsprosess.

I 2008 hadde vi i alt 237 pasientar til opphald innanfor Raskare tilbake ordninga. Av desse var 167 kvinner og 70 menn. Dei fleste pasientane blei tilvist direkte frå fastlegen sin, og berre unntaksvis fekk vi tilvisingar frå raskare tilbake kontora i regionen. Mange av pasientane som blir tilvist til institusjonen er imidlertid i arbeidsfør alder og blir søkt inn med tanke på å få funksjonsvurdering/ arbeidsevnevurdering. Institusjonen har derfor ikkje hatt problem med å fylla plassane i raskare tilbake prosjektet.

Kulturaktivitetar til inspirasjon og refleksjon

Kultur- og fritidstilbodet til pasientane ved senteret har utvikla seg frå å vere i hovudsak aktivitetar knytt til handverk- og formingsarbeid, til å kombinere dei tradisjonelle aktivitetane med ulike kulturaktivitetar. Målsettinga er å gje eit tilbod som skal inspirere til å sjå nye moglegheiter til val i eigen livssituasjon og gje rom for refleksjon.

Kulturavdelinga gjer i dag tilbod om aktivitet på ettermiddag/kveldstid og i helgene. Det er knyta kring 75% stilling til tilbodet. Dei tilsette ved avdelinga samarbeider med tilsette og studentar ved Røde Kors Nordisk United World College (RKNUWC). Studentane ved RKNUWC er gode bidragsytarar til dei kulturelle kveldane på senteret. Med deira mange talent innan musikk, drama og historieforteljing, kan pasientane få ein smakebit frå mange ulike kulturar. Likevel er det kanskje størst stemning på huset når ein får til felles aktivitetar og samhandling mellom ungdom og vaksne i alle aldrar. Dette fellesskapet bidreg til auka forståing både mellom ulike kulturar og generasjonane.

Open dag på Hauglandsenteret

I samband med ReHabveka 2008, arrangerte rehabiliteringssenteret «Open dag». Arrangementet vart gjennomført i samarbeid med Røde Kors Nordisk United World College, som stilte opp med både studentar og lærarar i ulike aktivitetar. Målet med dagen var å sette fokus på rehabilitering og la lokalbefolkninga få meir innsikt i kva det er vi driv med på Haugland. Hovudfokuset denne dagen var på bruk av kognitiv terapi i rehabiliteringsarbeidet.

Det var stort frammøte, både på dei ulike føredraga og dei ulike aktivitetane denne dagen. Publikum kom både frå Fjaler kommune og nabokommunane. I tillegg til dei besøkande deltok pasientar og tilsette ved senteret. Føredraget "Sjef i eige liv" ved Ingvard Wilhelmsen var svært populært og til saman 300 personar fekk høyra føredraget hans. Wilhelmsen fekk fram latteren hjå dei fleste, men skapte også rom for ettertanke både blant besøkande, personale, pasientar og studentar som var tilstades.

Det var ei målsetting for oss at vi denne dagen også kunne få vise fram det gode kjøkkenet vi har på Haugland. I saman med vår klinisk ernæringsfysiolog, laga kokken og kjøkkenpersonalet til sunn og fargerik mat som ein kunne få kjøpa i kafeen. Mange tok turen innom og fekk smake på spanande salatar, nybakte rundstykkar, frukt og muffins av ulike slag.

Av fysiske aktivitetar som stod på programmet denne dagen, kunne ein velje mellom aerobics i vatn eller i sal, teater, dans, meditasjon, tur med hest og kjerre eller rett og slett ein spasertur rundt på den flotte Bekker-eigedomen. Vi håpar at dei som deltok på open dag har fått litt meir kjennskap til korleis ein driv her ute på Haugland og ved behov kan nytte seg av den kompetansen som ein har bygd opp ved senteret.



Årsmelding for 2008

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

1. Verksemdas art og lokalisering

Selskapet driv med spesialisert rehabilitering og har avtale med Helse Vest RHF om levering av spesialisthelsetenester. Selskapet er lokalisert på Haugland i Fjaler Kommune.

2. Resultat og stilling

Rekneskapet for 2008 er positivt med kr. 2 831 279,-. Resultatet er betre enn forventa. Dettas kyldes i hovudsak noko høgare inntekt og lågare lønnskostnader enn budsjettert.

Selskapet har i 2008 fått ei auke i egenkapital frå kroner 4 435 593 til kroner 6 546 872.

3. Framleis drift

Styret meiner det er riktig å legge føresenaden for framleis drift av selskapet til grunn ved avlegging av årsrekskapet. Selskapet har avtale med Helse Vest RHF om levering av helsetenester til 31.07.2010.


4. Arbeidsmiljø

I 2008 har det totale sjukefråvøret vore på gjennomsnittleg 7,3 %. Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god.


Gjennomsnittleg tal på tilsette var 44 årsverk. Av dette var 11 menn og 33 kvinner. Selskapet sitt styre har 6 medlemmer, tre menn og tre kvinner.

5. Yre miljø

Selskapet har ikkje verksemd som verkar inn på det ytre miljø.



 Arvid Due Sund Styreleiar Børre Jacobsen Nestleiar Else-Kristine Husabø Medlem Rolf Øygard Medlem



 Aud Alice Viken Medlem Linda Merete Viken Medlem Inger Johanne Osland Dagleg leiar

Resultatrekneskap

Noter	2008	2007
	Driftsinntekter	
	Og driftskostnader	
	Driftsinntekter	34 180 132
	Annen driftsinntekt	1 727 620
5	Leieinntekt	937 326
	Sum driftsinntekter	36 845 077
	Varekostnad	2 196 875
2	Lønnskostnad	20 462 822
3	Ordinær avskrivning	564 000
2, 5	Annen driftskostnad	10 481 866
	Sum driftskostnader	33 705 563
	Driftsresultat	3 139 514

Finansinntekter og finanskostnader

	Annen renteinntekt	412 590
	Annen rentekostnad	- 8 661
	Netto finansresultat	403 929
	Ordinært resultat før skattekostnad	3 543 443
	Skattekostnad på ordinært resultat	- 712 164
	ÅRSRESULTAT	2 831 279

Overføringer


	Overført til/-fra annen egenkapital	2 111 279
	Avgitt konsernbidrag	720 000
	Sum overføringer	2 831 279


Balanse pr. 31. desember


Noter	2008	2007	
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
8	Utsatt skattefordel	302 561	295 222
	Sum immaterielle eiendeler	302 561	295 222
Varige driftsmidler			
3	Tomter, bygninger og annen fast eiendom	31 000	45 000
3	Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	1 612 686	1 740 600
	Sum varige driftsmidler	1 643 686	1 785 600
Finansielle anleggsmidler			
6	Lån til foretak i samme konsern	0	1 000 000
6	Investering i aksjer og andeler	50 000	50 000
	Sum finansielle anleggsmidler	50 000	1 050 000
	Sum anleggsmidler	1 996 247	3 130 822
Omløpsmidler			
	Varer	124 700	65 560
Fordringer			
	Kundefordringer	36 159	23 077
6	Andre fordringer	36 450	1 403 200
4, 6	Fordring på selskap i samme konsern	0	919 138
	Sum fordringer	72 609	2 345 415
7	Bankinnskudd, kontanter o.l.	10 542 792	7 659 717
	Sum omløpsmidler	10 740 101	10 070 693
	SUM EIENDELER	12 736 348	13 201 514


Balanse pr. 31. desember


Noter	2008	2007	
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
	Aksjekapital	2 558 312	2 558 312
	Sum innskutt egenkapital	2 558 312	2 558 312
Opptjent egenkapital			
	Annen egenkapital	3 988 560	1 877 281
	Sum opptjent egenkapital	3 988 560	1 877 281
4	Sum egenkapital	6 546 872	4 435 593
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
	Leverandørgjeld	1 172 776	727 117
8	Betalbar skatt	439 504	701 709
	Skyldige offentlige avgifter	1 334 638	1 302 306
6	Gjeld til selskap i samme konsern	1 000 000	4 000 000
	Annen kortsiktig gjeld	2 242 558	2 034 789
	Sum kortsiktig gjeld	6 189 476	8 765 921
	Sum gjeld	6 189 476	8 765 921
	SUM EGENKAPITAL OG GJELD	12 736 348	13 201 514



Arve Morten Die Lund
Styreleder



Rolf Øygard
Medlem


Børre Jacobsen
Nestleder


Linda Merethe Viken
Medlem


Inger Johanne Osland
Daglig leder


Else Kristine Husabø
Medlem


Aud Alice Viken
Medlem

Note 1 – Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk i Norge for små foretak. Regnskapsprinsippene beskrives nedenfor.

Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipper

Regnskapet bygger på de lovbestemte grunnleggende regnskapsprinsipper og god regnskapsskikk.

Inntekt resultatføres når den er opptjent, normalt på leveringstidspunktet ved salg av varer og tjenester. Driftsinntekter er fratrukket merverdiavgift, rabatter og bonuser.

Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter kostnadsføres når de påløper.

Hovedregel for vurdering

og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes å ikke være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Note 2 – Antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm.

Ytelser til ledende personer	Lønn	Pensjonskostnader	Annen godtgjørelse	Sum
Daglig leder	561 769	0	4 379	566 148
Styret	104 795	0	0	104 795
Lønnskostnad			2008	2007
Lønn			16 917 206	15 146 544
Folketrygdavgift			1 973 962	1 709 237
Pensjonskostnader			1 177 430	1 169 406
Andre ytelser			394 224	294 724
Sum			20 462 822	18 319 911
Antall årsverk			43	42

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS er pliktig til å ha tjenestepensjon etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne loven.

Revisor

Godtgjørelse i året til Deloitte AS for revisjon utgjør kr 32.000. Godtgjørelse for teknisk regnskapsbistand utgjør kr 7.500.

Note 3 – Varige driftsmidler

	Bygg	Løsøre	Sum
Kostpris 01.01	2 682 205	3 000 920	5 683 125
Tilgang i året	0	422 086	422 086
Avgang i året	0	0	0
Kostpris 31.12	2 682 205	3 423 006	6 105 211
Samla ordinære avskrivninger	951 205	1 810 320	2 761 525
Ekstraordinær nedskrivning	1 700 000	0	1 700 000
Bokført verdi 31.12	31 000	1 612 686	1 643 686
Årets avskrivninger	14 000	550 000	564 000
Prosentats for avskrivning	10%	14-20 %	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	

Note 4 – Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i selskapet består av to aksjeklasser. B-aksjene gir ikke stemmerett.

Eierstruktur	Antall	Klasse	Pålydende	Eierandel	Stemmeandel
SFRK Eigedom AS	2 500 000	A-aksjer	kr 1	97,7%	100%
SFRK Eigedom AS	45 147	B-aksjer	kr 1	1,8 %	0%
Andre	13 165	B-aksjer	kr 1	0,5 %	0%
Totalt antall aksjer	2 558 312			100,0%	100%

Spesifikasjon av egenkapital:

	Aksjekapital	Annen egenkapital	Sum
Kapital 1.1.	2 558 312	1 877 281	4 435 593
			0
Avgitt konsernbidrag		-720 000	-720 000
Årets resultat		2 831 279	2 831 279
Kapital 31.12	2 558 312	3 988 560	6 546 872

Selskapet har gitt et konsernbidrag til morselskapet på kr 1.000.000. Hensyntatt skatt har konsernbidraget redusert annen egenkapital med kr 720.000.

Note 5 – Leieavtaler

Selskapet leier bygninger og anlegg av morselskapet Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS. En del av disse lokalitetene framleies til Røde Kors Nordisk United World College.

Leie til Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS er kostnadsført med kr 4.599.996. Framleie til Røde Kors Nordisk United World College er inntektsført med kr 595.140.

Note 6 – Tilknyttet selskap i samme konsern

Firma	Ansk.- tidspunkt	Forretnings- kontor	Eier-/stemme- andel	Egenkapital pr. 31.12.07	Resultat pr. 31.12.07
Haugland Internasjonale FOU Senter AS	08.06.1995	Fjaler	50%	144 930	-15 466
Mellomværende pr 31.12					
	2008	2007			
Kortsiktig fordring	0	0			
Annen kortsiktig gjeld	0	72 672			
Sum	0	72 672			

Mellomværende med morselskap, Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS:

Mellomværende pr 31.12		
	2008	2007
Langsiktig fordring	0	1 000 000
Kortsiktig fordring	0	919 138
Skyldig konsernbidrag	1 000 000	4 000 000

Mellomværende med morselskapet ble motregnet mot konsernbidrag i 2008.

Note 7 – Bankinnskudd

Bankinnskudd, kontanter o.l. omfatter bundne skattetrekksmidler med kr. 855.902.

Note 8 – Skattekostnad

Årets skattekostnad fremkommer slik	2008	2007
Betalbar skat	439 504	701 709
Regnskapsført skatt på konsernbidrag	280 000	0
Endring i utsatt skatt	-7 340	80 328
Skattekostnad	712 164	782 037

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige forskjeller:	2008	2007
Driftsmidler	-1 080 572	-1 054 359
Skattesats	28%	28%
Netto utsatt skattefordel/-forpliktelse i balansen	-302 561	-295 222

Deloitte.

Deloitte AS
Hafstadveien 34
Postboks 372
6802 Førde
Telefon: 57 72 13 80
Telefax: 57 72 13 81
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

REVISJONSMELDING FOR 2008

Vi har revidert årsrekneskapen for Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS for rekneskapsåret 2008 som syner eit overskot på kr 2.831.279. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, og framlegg i årsrekneskapen til bruk av overskotet. Årsrekneskapen inneheld resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram av styret og daglig leiar for selskapet. Oppgåva vår er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av selskapet si forvaltning av formuen og rekneskaps- og internkontrollsystema. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for uttalinga vår.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2008 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, og framlegg i årsrekneskapen til bruk av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Førde, 27. april 2009
Deloitte AS


Leif Kilnes
statsautorisert revisor

Audit & Advisory • Tax & Legal • Consulting • Financial Advisory •

Member of
Deloitte Touche Tohmatsu

Org.nr.: 980 211 282



Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS
6968 Flekke · Tlf. 57 73 71 00 · Fax 57 73 71 01
E-post: inntak@rehabiliteringssenter.no
www.rkhr.no